


DET NORSKE TEATRET



1945-46



**Er DERES
bedrift
organisert
rasjonelt?**

*Våre spesialister står til Deres
tjeneste med:*

Teknisk organisasjon. Oppbygning og rasjonalisering av arbeidsgangen i fabrikker, verksteder etc.

Omlegging, modernisering og rasjonalisering av handels- og industriregnskaper.

Anlegg av statistikk, utarbeidelse av alle slags skjemaer, diagrammer o.l.

Planlegging av kontorlokaler og kontorutstyr.

Anlegg av kartoteker, arkiv- og kontrollsystemer.

Løpende revisjon. Løpende regnskapsføring. Regnskapsanalyse.

Ring oss 41 07 92, 42 25 92 — og vi står når som helst til tjeneste med en uforbindtlig konferanse.

STORTINGSGATEN 30

**Bedrifts
økonomisk
Institutt a/s**

TORSTEDGÅRDEN



Regissør Svend Gade

sceneinstruktør ved Det kongelige Theater, København, har eit velkjent namn frå dei største scenane i Europa og Amerika, der han har sett opp både klassiske og moderne framsyningar. Mindre kjent er det at han som ung mann arbeidde i tre år på målarstolen til Nationaltheatret her i Oslo. For det var teatermålar den unge Svend Gade ville bli. Og vi kan nemne at han har laga dekorasjonane til alle dei framsyningane han har sett i scene til no.

Han byrja på den kunstnarlege livsvegen sin som teatermålar på Det Kongelige Theater i København. Seinare kom han til Operaen i Stockholm og deretter til Berlin. Her var han fyrst regissør ved Kleines Theater, og fekk snart fyrste oppgåva si som sceneinstruktør. Det var eit stykke av landsmannen sin, Svend Lange, han då sette i scene. Så kom han etter tur til andre teater i Berlin, og var til slutt knytt til 6 teater samstundes. Og han sette då opp framsyningar slag i slag, både utanlands og heime i Danmark.

ARNOWA



GARANTIEEN FOR KVALITET

ARNOWA

Stoffer mottas til søm
etter mål og prøve.

Dame- og herreskredderi

Storgaten 26 v — Heis — Telefon 42 61 92

I 1922 fekk han regitilbod frå Amerika, og han vann ein stor siger på Broadway med «Johannes Kreisler». Så bad Mary Pickford han om å koma til Holywood. Han reiste dit — han trudde sjølv for ei stutt tid — og vart verande der i 7 år. Her sette han opp ei rekkje stykke for ymse filmkonsern, og i «Mitt livs Drejescene» som nettopp har komi ut, fortel Gade om korleis han kom i samband med dei store stjernene frå stumfilmtida. Men så kom talefilmen i 1928—29 og det store krakket på børsen, så tidene vart utrygge i Amerika. Svend Gade reiste då heim til København og vart sceneinstruktør ved Det Kongelige Theater, og der har han vori sidan.

Gjennom alle dei framsyningane Svend Gade har sett i scene i England, Tyskland og Austerrike, forutan i dei skandinaviska landa, har han vunni internasjonalt ry. Vi nemner serskilt «Nederlaget» av Nordahl Grieg, Strindberg-stykke, Peer Gynt, Faust og mange Shakespeare-opplettingar. Såleis hadde han ein strålende siger med «Ein midsumarnattsdraum» på Skansen i Stockholm 1945—46. Framsyninga gjorde så stor lykke at ho gjekk to sumrar etter kvarandre.

Det Norske Teatret helsar Svend Gade hjarteleg velkomen.

L. L.

Endelig er belgiske og engelske møbelstoffer ankommet.

Telefon 41 21 72

A-S

futureum

KLINGENBERGGATEN 4 (ved siden av «Regnbuen»)

Centrum Hospits

Tilreisende mottas. — Dobbelt-
værelser kr. 12.—. Enkle kr. 6.—.
Modernisert.


Adresse: Rosenkrantzgate 16, 2. etg.
Bestillinger i telefon 41 05 03



Lars Tvinde

NATIONEN
Landmandspostens Dagutgave

Hovedorgan for Noregs Bondestand



A.s B U H U S

Fabrikasjon av tømmerhus og badstuer.

Tollbugt. 28^v, Oslo. Tlf. 41 50 38 — 41 18 47.

BØNDERNES BANK A/S

OSLO — SKIEN — STAVANGER — TRONDHEIM

Alle slags bankforretninger i Norge og utlandet.



A. DOLVE

MÅLARFORRETNING

OSLO — AKER

Merk: Ver ute i tide med å tinga det målararbeid De har tenkt utført i 1947, då arbeidskapasiteten er begrensa. Tlf. 37 11 15 — 37 52 55

Alt i blomster

TIL ALLE TIDER

RINGSTAD & JØRGENSEN

TORDENSKJOLDSGATE 2



Ragnhild Hald

Kristiansen & Leihne

Telefon 42 62 26

utfører arbeid i mur, tre, betong. — Nybygg, forandringer, reparasjoner og soppskader.


Tegn Deres livsforsikring i

GLITNE

det er god livskunst.



Eva Strøm Aastorp



Helge Essmar



Vi lager drops, dersom De har kvitt sukker.
Kort leveringsfrist. Minste kvantum 250 gr.

Leidulo Lothe

Nils Juelsgt. 70.

Kom innom eller ring 44 47 29



Marc Connelly

Marc Connelly er fødd 13. desember 1890 i Pennsylvania. Då han hadde gått Trinity Hall School, vart han i 1910 reporter for Pittsburghs «Sun» og seinare for «Dispatch». Ei tid redigerte han ein humoristisk spalte i «Gazette Times», og seinare var han free-lancing journalist i mange år. Han skreiv humoristiske vers samtidig som han laga sketsjar og lyriske småstykke og musikalske komediar. Då han nokre år etter råka George Kaufman vart det i samarbeid med han han skreiv sine beste stykke. Dei hadde saman stor suksess på skodespelet «Dulcy» og fleire seinare.

Fyrst i 1926 skreiv Connelly eit sjølvstendig skodespel att og i 1929 vart han for alvor vidkjend med skodespelet «Guds grønne enger» som er inspirert av fabelen «Gamle Adam og etterkomarane hans» av Roark Bradford. Stykket vann Pulitzer-prisen for dette året og gjekk sidan verda over. Seinare vart det filma. Connelly stod sjølv for tilrettelegginga for filmen.

Connelly har interessert seg sterkt for forfattarorganisasjonen og den internasjonale forlagsretten for dramatikarane.

Han er formann i det amerikanske dramatikersambandet.

1946/47

Guds grønne enger.

Ein fabel i 2 akter, 18 bilete av *Marc Connelly*

Omsett av *Halldis Moren Vesaas*

Regi: *Svend Gade*

Dekorasjonar og drakter etter skisser av *Per Krohg*

Dekorasjonane laga av *Arne Walentin*,

draktene av garderobestyrar *Dagny Eriksen*

Dansane ved *Gerd Fimland Bugge*

Personane:

Mr. Deshee, negerprest	Vilhelm Lund
Myrtle, ei lita jente	— — —
Ein morengel	Dagmar Myhrvold
Ein annan engel	Aasta Voss
Ein erke-engel	Pehr Qværnstrøm
Gabriel	Amund Rydland
Vår Herre	Lars Tvinde
Eggkrem-kokken	Odd Somdalen
Adam	Harald Heide Steen
Eva	Sossen Schjelderup
Kain	Gunnar Simenstad
Gjenta hans Kain	Elisabeth Bang
Kain den 6.	Gunnar Simenstad
Zeba	Eva Strøm Aastorp
Ein hasardspelar	Jan Pande-Rolfsen
Noa	Edvard Drabløs
Fru Noa	Ragnhild Hald
Sem	Gisle Straume
Kam	Kåre Wicklund
Jafet	Pål Skjønberg
1. kvinne	Aasta Voss
2. kvinne	Julia Back

Flatfot	Helge Essmar
1. vaskekona	Henny Skjønberg
2. vaskekona	Astrid Sommer
Abraham	Nils Hald
Isak	Pehr Qværnstrøm
Jakob	Bjarne Andersen
Moses	Ingolf Rogde
Zippora	Siri Rom
Aron	Vilhelm Lund
Ein magikarkandidat	Kåre Wicklund
Farao	Helge Essmar
Ein general	Gisle Straume
Over trollmannen	Øyvind Øyen
Josva	Asbjørn Toms Larsen
Ein speiar	Jan Pande-Rolfsen
Seremonimeisteren	Pål Skjønberg
Kongen av Babylon	Alf Sommer
Profeten	Bjarne Andersen
Øvstepresten	Harald Aimarsen
Korporalen	Jan Pande-Rolfsen
Hezdrel	Harald Heide Steen

Gutar, gjenter, born, englar, hasardspelarar, trollmenn, hoffdamer,
hoffmenn og offiserar.

Dei som syng: Odd Schultz, Ivar Asheim, Rolf Årving, Sverre Hoff,
Knut Grude, Øyvind Stene.

15 min. opphald etter 10. bilete.

Negro spirituals
Innstuderte ved kapellmeister *A. K. Nielsen*

Repetitør: *Fru Aagot Nielsen*



Professor Per Krohg

er så vel kjend at vi treng ikkje presentere han nærare. Som mange av dei store franske målarane har han òg interessert seg for teater, og han debuterte som teatermålar på den store operaen i Paris, der han laga dekorasjonar til ein ballett.

Seinare har han måla dekorasjonar til fleire store framsyningar her heime. Det var «Volpone» på Nationaltheatret, «Jeppe på berget» på Det Norske Teatret, «Vold mot Lucretia» på Den Nationale Scene i Bergen og operaen «Kappen» av Puccini på Søylen.

Per Krohg har laga skissene til «Guds grønne enger». Det er stort sett dei same som dei han laga til Nationaltheatret i 1933, då stykket skulle ha vori spela der.

Den beste

Permanent - hårfarging - bleking
utføres av

Belly DAMEFRISØR

Innehaver: Aagot Kleven.

Schønninggate 43 — v. Kirkeveien.
Telefon 46 15 14.

Skal De ha en ny hatt?

Kom innom

Anna Rabben

Der finner De utvalget.

Pilestredet 63b. — Telefon 690423.



Edvard Drabløs

P. Hellerud

Jacob Aallsgate 14, Oslo
Telefon 44 40 30

Allslags byggjearbeid

Striden om «Guds grønne enger» 1932—1933.

Av lektor Arne Stai.

Den kampen som stod om den amerikanske forfatteren Marc Connelly's skodespel «*The Green Pastures*» her i Noreg i 1932—33 er så sermerkt, at han fortener å bli hugsa. Her har De hovudpunkta i denne kulturstriden frå mellomkrigstida.

Fyrste gongen «*The Green Pastures*» (Guds grønne enger) vart framført utanfor Sambandstatane var på Dramatiska Teatern i Stockholm hausten 1932. Teatersjef Wettergren sette stykket i scene, og Georg Blickingberg spela rolla til Gud fader. Framføringa vart ein stor kunstnarleg siger, men visse krinsar harma seg mykje over at Gud fader vart framsynt på scenen og sende ei oppmoding til Riksdagen om å tenkje over å nekte statsstønad til eit teater som førde fram skodespel med blasfemisk innhald. Det gjekk likevel ikkje etter planen. «Guds gröna ängar» vart ein stor kunstnarleg siger og eit av dei stykka som drog aller best hus på Dramaten.

Her i landet tinga fyrst Det Nye Teater om retten til å føre fram skodespelet, men det gjekk slik at teatersjef Halfdan Christensen tryggja seg stykket til framføring på Nationaltheatret. I november vart dette kjent gjennom pressa, og den 7. november sette sokneprest Blessing Dahle i gang ein landsaksjon mot «Guds grønne enger». Han opna slaget på ei festgudstenest i Gjøvik kyrkje, der han slutta med krigsropet: «Stans råskapen».

Då startskotet hadde gått fløynde det med vérop frå dei krenkte i dagspressa, på møte og til Stortinget. Bondekvinnene under statsråd Mellbye's førarskap opna alle forargingsslusene med dei kyrkjelege organisasjonane og førarane deira hakk i hæl, m. a.: Sokneprest Brekke, kyrkjesongar Devik, professor Hallesby, Betzy Kjelsberg, biskop Lunde. Så fylgde det friviljuge kyrkjerådet med ei inntrengjande oppmoding til Halfdan Christensen om å la stykket gå ut or repertoaret på Nationaltheatret, og sidan med eit skriv 5. januar til styret for teatret der det heiter at «— — — den sterke reaksjonen mot Guds grønne enger ikke er diktert av noen trang til å bryte inn på kunstens område og her oppkaste seg til dommer. Men det er en energisk protest mot at vår religion og moral skal profaneres i kunstens navn».

Storparten av dei som *var forarga* hadde sjølvsgatt korkje lesi eller sett skodespelet, i motsetning til biskop Berggrav som gav eit forsvar for stykket, ikkje for den kunstnarlege kvaliteten, men for di det ikkje er noko åtak på dei religiøse verdiane, men tvert om kan bli til religiøs vinning. Kaj Munk gav skodespelet og framsyninga ei sterk og eldhuga hylling: «For kristne Mennesker var det en Oplevelse at blive stillet ned på det oprindelige Barnestadium og se det altfor velkendte derfra,» skriv Kaj Munk.

Fyrste runde i striden slutta så med ei ny oppmoding frå professor Hallesby til teatersjef Christensen om å leggje bort stykket. Med det ville teatersjefen «— — — vise en ridderlig hensynsfullhet overfor en stor del av det norske folk som ved dette teaterstykke virkelig er kommet i samvittighetsnød.»

G. MORK

Motesalong.

Pilestredet 16, Oslo. Tlf. 33 18 57.

Andre og siste etappe i striden vart endå meir spanande. Den kan ha til trugande overskrift: «Valåret 1933 og «Guds grønne enger». Den 30. mars kom tidlegare statsminister Hundseid med eit framlegg til Stortinget om å setja lovforbod mot å føre fram stykke med Gud fader på scenen. Ordskipet i Stortinget 4. april vart ei pinefull oppleving. Hambro hevda — med stønad frå ei rekkje talarar — at teatret med å spela «Guds grønne enger» ville krenkje dei mest heilage kjensler i folket vårt — dei djupaste verde hos dei (han sjølv var fordomsfri). Hambro slutta innlegget sitt med dette framlegget: «Det henstilles til regjeringen å overveie og eventuelt fremkomme med forslag om hvorledes man effektivt kan påse overholdt grunnlovens bestemmelser angående dem som viser eller tilskynder andre til ringeakt for religionen.» Framlegget vart vedteki med 94 mot 49 røyster.

To dagar etter kapitulerte styret for Nationaltheatret. Det oppmoda teatersjefen «å la stykket gå ut av teatrets repertoar siden det rådet en slik utbredt forhåndsopinion mot skuespillet».

Dette sensasjonelle vedtaket løyste ut ei rad med hendingar. Til ein protestaksjon som Dagbladet sette i gang kom det inn om lag to tusen underskrifter. Den 8. april vart det i Nationaltheatret haldi ein pipekonsert som Nic. Hoel og Eli Krog stod i brodden for. Demonstrantane protesterte mot hyklarskapen i Stortinget og i Nationaltheatret. Same dagen protesterer Norsk Skuespillerforbund, og nokre dagar seinare Den Norske For-

Kafé **M**agnetem

kjent som Det Gode Spisested
AKERSGATEN 57 - TLF. 426767

Kaffe og smørbrød hele dagen
Middag fra kl. 12

1. klasses servering, rimelige priser

Vi åpner kl. 7 om morgenen og er like
blide om kvelden

fatterforening og Kunstnerforeningen. Den 22. april sender teatersjef Halfdan Christensen inn avskilssøknaden sin.

Så stor som saka no hadde vorti, vart det avgjort at sume utvalde skulle få sjansen til beint fram å få sjå den forargelege framsyninga. Det var ei representativ, og i sanning utvald forsamling som fylte Nationaltheatret på framsyninga for stengde dører 8. mai 1933, då teppet for fyrste og einaste gongen gjekk opp for «Guds grønne enger» på hovudscenen i landet. Mellom dei innbedne var: Storting og regjering, Oslo bystyre, Akers heradsstyre, representantskapet for Nationaltheatret, pressa, Forfatterforeningen, Det litterære råd, universitetsrektoren, det akademiske kollegiet o.s.b. Ei rekkje innbedne protesterande prestar ville likevel ikkje forargast offentleg ved å vera til stades. Framsyninga skal ha vori ypparleg i Halfdan Christensens regi og med Per Krohgs dekorasjonar. At styremaktene våre likevel heldt ho for å vera sers farleg for den moralske og religiøse helsa til folket vårt, viser epilongen som vart spela i juli månad.

Victor Bernau hadde planlagt å dra på spelferd med «Guds grønne enger» utover landet. Han vart då innkalla til justisministeren, Sunde, som bad Bernau å gje opp spelferdplanane sine. Same dagen vart han kalla opp til Stortinget, der heile regjeringa med statsminister Mowinckel i brodden var samla. Statsministeren gjorde det klårt for Bernau at ei spelferd med «Guds grønne enger» no tett framfor stortingsvalet, ville vera dei sterkt imot. Bernau kunne trass i dette ikkje lova å gje opp planen sin. Seinare fekk han eit skriv frå Justisdepartementet, der det heiter: «— — at departementet ville sørge for at det blir utferdiget en provisorisk anordning som forbyr Dem å reise — —». Så kunne Victor Bernau i alle fall ikkje dra på turné med valgenes enger — —

Slik fjøra striden ut. Elles har Sigurd Hoel teki han opp til litterær handsaming i den store oppgjersromanen sin «Sesam Sesam». Som fasit kan ein vel seia at kulturreaksjonen hadde sigra stort. Det hadde vori ein strid — ikkje berre om fridomen og sjølvråderetten for teatret og kunsten — det hadde vori ein beisk og seig strid om prinsipp og åndeleg fridom. Både når det galdt mål, middel og menn hadde striden frå kulturreaksjonen vori førd på ein slik måte at ein kjende gufsen innover landet vårt som eit varsel om det som skulle koma — —

For no veit vi betre — ikkje sant?



Moltzau & Co

PAPIRFORRETNING • STORGATEN 19

Nu som før

når det gjelder kaker og konditorvarer

E. BORGERSEN

(Søstr. Næsmoens eftf.)

Pløensgate 2 — Telefon 691951



Carl Hultman



Dagny Eriksen

Nerdrum og Thorkildsen

BOKBINDERI

Akersgaten 7

Telefon 42 01 70



NOREGS BOKLAG

Bokhandel — Papirhandel

Bøndernes hus Telefon 331374 · 331402



A. K. Nielsen



Arne Walentin

Manufaktur - Trikotasje

Kåper — Kjoler — Drakter

RAGNAR AAS

Urtegt. 45 (hjørnet Tøyengt.)

Telefon 68 31 57

Forretningsfolk

og andre som vil ha prentesakene
sine på norsk, vender seg til:

JOHANSEN & NIELSEN BOKTRYKKERI

Pilestr. 45b · Telf. 461493, 462692 og 467542

NELSON ALGREN



**DET GRYR INGEN
MORGEN**

ERKO FORLAG

«Renhjertet, djerv, sterk

og poetisk dikterfantasi. En litterær realisme som hører til amerikansk prosas mest slagkraftige og virkningsfulle.»

Richard Wright.

En rystende roman om to forkomne menneskeskjebner på bunnen av en verdensby, om bokserens livsvei fra gaten til den elektriske stolen, og pikens fra gaten til bordellene.

Pris kr. 15.00 innb.

Utsendt i Oslo, under utsendelse utenbys.

EN EKKO BOK